



## MØTEBOK

|                 |                               |
|-----------------|-------------------------------|
| <b>Organ</b>    | <b>Hovudsamarbeidsutvalet</b> |
| <b>Møtestad</b> | <b>Fylkeshuset</b>            |
| <b>Møtedato</b> | <b>27.02.2014</b>             |
| <b>Kl.</b>      | <b>10.00 - 11.30</b>          |

**Faste medlemer til stades:** Tore Eriksen, Bekka Skaasheim, Ingebjørg Erikstad (video), Clara Øberg, Jan Tore Rosenlund, Rune Hovland, Odd Ingen Moldvær, Alf Reidar Myrstad, Elin Schei Stuhaug

**Forfall til møtet:** FHVO, varamedlem Halldis Egge vart ikkje kalla inn.

**Til stades med møte- og talerett:** Toril Einarsen

**Sekretariat for møtet:** Arvid Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til at alle saken skal handsamast opne.

Utvalet handsama saka 4/14 først då saken omhandlar konstituering av medlemmane og utpeiking av nestleiar i hovudsamarbeidsutvalet. Deretter vart sak 2/14, 3/14 og til slutt sak 1/14 skriv og meldingar handsama.

Møtebok frå ekstramøtet den 11. februar 2014 og møtet den 7. november 2013 vart godkjend utan merknader.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

- Status for arbeidet med val av nytt fylkeshovudverneombod.
- Årlege samlingar for verneomboda kan vidareførast. (arr. FHVO og Frm-personal/HMT)
- Årsrapporteringane frå LAMU begynner å komme inn. Når alle 18 LAMU har levert (frist 1. mars) vil bedriftshelsetenesta Stamina Helse utarbeide ein samla rapport for oss. Eg skriv etter det ei saksutgreiing til hovudsamarbeidsutvalet (HSU) sitt møte den 22. mai. Etter HSU sitt vedtak vil eg skrive ei tilråding tilbake til einings leiinga/LAMU om forhold som eventuelt står i strid med krav i hmt-lovgivinga med tilbod om hjelp, rettleiing og støtte frå oss/bht.
- I medhald av inngåtte rammeavtale for bedriftshelsetenester gjeldande frå 01.01.2012 har vi nytta vår opsjon til å forlenge avtalen i ytterligere to år. Vi har motteke aksept frå Stamina Helse og avtalen er no gjeldande fram til 31.12.2015. Forlenginga av vilkåra i avtalen er uendra.
- Fylkesrådet for funksjonshemma arrangerer tema-konferanse den 3. april 2013 på Skei Hotell med arbeidstittelen **Arbeid for alle!** Med undertittel; **dropp out vs drop inn - arbeid er roten til alt godt!** Sissel Espe frå opplæringsavdelinga deltek med fagleg innlegg.
- Fylkesrådet for eldre – studietur til Island 5. til 8. mai 2014.
- Status i høve arbeidet med revisjon av seniorpolitisk handlingsplan. Det kan synast som eit paradoks i desse omstillingstider og fronte ein revidert tiltaksplan for å halde på tilsette. Men vi vil alltid syte for at vår arbeidsgjevarpolitikk har innebygd tiltak retta mot seniormedarbeidaren med den hovudhensikt å stimulere til at tilsette held fram i sine stillingar. (sjå eige kulepunkt)
- Tilbodet om å søkje tilskot til hospitering. Søknaden skal sendast tenesteveg - til næraste leiar - innan 1. mars.
- Vel gjennomført nyttilsette-samlinga den 4. februar.
- Orientering om rekrutteringsmessene der vi deltek.
- Internt kurstilbod - I veke 13 (25, 26 og 27. mars) vil personalsjefen arrangere dags samlingar i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Målgruppa for samlinga er einingsleiarane.
- HMT-dagskurs har vore etterspurd m.a. gjennom årsrapporteringane frå LAMU. Vi ser dette opp mot kurstilbodet (over) og av ventar. I samarbeid med Stamina Helse har vi skissert innhaldet: *Vi ønskjer å lage eit dagskurs i hmt/systematisk hmt-arbeid. I målgruppa er våre leiarar på alle nivå i organisasjonen.*

**SAK 1/14            Skriv og meldingar til hovudsamarbeidsutvalet den  
27.02.2014.**

**Avrøysting:** Samrøystes

**VEDTAK:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til orientering

-----

**SAK 2/14            Sjukefråvær 4. kvartal 2013 og årsoversikt 2013**

**Avrøysting:** Samrøystes

**VEDTAK:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

-----

**SAK 3/14            Årsrapport 2013 frå Stamina Helse bedriftshelseteneste**

**Avrøysting:** Samrøystes

**VEDTAK:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek årsrapporten frå leverandøren av bedriftshelsetenester - Stamina Helse - til vitande.
  - 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber om at årsrapporten vert sendt ut til alle einingane (LAMU) og lagt tilgjengeleg på portalen
  - 3) Hovudsamarbeidsutvalet ønskjer at samarbeidet med tenesteleverandøren held fram etter same modell som i 2013.
- 

**SAK 4/14            Val av nestleiar og val av arbeidstakarrepresentantar i  
HSU for to års perioden 01.01.2014 til 31.12.2015**

**Avrøysting:** Samrøystes

**VEDTAK:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet (arbeidsgjevarsida) peikte ut **Bekka Skaasheim** som nestleiar i utvalet for perioden 01.01.2014 til 31.12.2015

Arbeidsgivarsida er etter dette samansett slik:

**Medlem            Tore Eriksen (leiar)**  
Varamedlem      Bjørn Birger Bremer

**Medlem** **Bekka Skaasheim (nesteiar)**

Varamedlem Tor Einar Skinlo

**Medlem** **Clara Øberg**

Varamedlem Velaug Veum

**Medlem** **Ingebjørg Erikstad**

Varamedlem Svein Arne Skuggen Hoff

**Medlem** **Jan Tore Rosenlund**

Varamedlem Eli Nes Killingrød

2) Hovudsamarbeidsutvalet (arbeidstakarsida) peikte ut høvesvis fem medlemmar og fem vara medlemmar frå arbeidstakarsida i hovudsamarbeidsutvalet for perioden 01.01.2014 til 31.12.2015 slik:

**Medlem** **Rune Hovland**

Varamedlem Audun Rørvik

**Medlem** **Odd Inge Moldvær**

Varamedlem Erna Hamrum

**Medlem** **Alf Reidar Myrstad**

Varamedlem Per Arne Strand

**Medlem** **Elin Schei Stuhaug**

Varamedlem Jarl Henrik Devik

**Medlem** ..... Fylkeshovudverneombodet (FHVO)

Varamedlem ..... FHVO sin vara møte medlem i dette utvalet

-----